

Kompetansemål frå læreplanen

Naturfag etter 2. trinn

- Undre seg, utforske og lage spørsmål, og knyte dette til egne eller andre sine erfaringar.
- Presentere funna sine og beskrive korleis eleven har komme fram til dei.
- Utforske og beskrive eigenskapar til ulike objekt og materiale som kan observerast.

Norsk etter 2. trinn


- Lese med samanheng og forståing på papir og digitalt, og bruke enkle strategiar for leseforståing.
- Lytte, ta ordet etter tur og grunngi egne meiningar i samtalar.
- Beskrive og fortelje munnleg og skriftleg.
- Skrive tekstar for hand og med tastatur.
- Bruke store og små bokstavar, punktum, spørsmålsteikn og utropsteikn i tekstar og samtale om egne og andre sine tekstar.
- Lage tekstar som kombinerer skrift med bilde.

Samfunnsfag etter 2. trinn

- Utforske og gi døme på korleis menneska påverkar klimaet og miljøet, og dokumentere korleis påverkingane er synlege i nærmiljøet.

Matematikk etter 2. trinn

- Plassere tal på tallinja og bruke denne i rekning og problemløysing.
- Måle og samanlikne storleikar som gjeld lengder, beskrive korleis dette skal gjerast, og samtale om resultatata.
- Følgje reglar og trinnvise instruksjonar i leik og spel.



Kompetansemål frå læreplanen

Naturfag etter 4. trinn

- Undre seg, stille spørsmål og lage hypotesar, og utforske desse for å finne svar
- Utforske teknologiske system som er sette saman av ulike delar, og beskrive korleis delane fungerer og verkar saman.
- Designe og lage eit produkt basert på ein kravspesifikasjon.
- Utforske og beskrive korleis somme stoff kan endre seg når dei blir blanda med andre stoff.
- Utforske storleikar som kan observerast, som fart og temperatur, og knyte dei til energi.
- Samtale om kva energi er, og utforske ulike energikjelder.
- Utforske eit naturområde og drøfte berekraftig bruk av området.
- Utforske og beskrive krinsløpet til vatnet og gjere greie for kvifor vatn er viktig for livet på jorda.

Norsk etter 4. trinn


- Lese tekstar med flyt og forståing, og bruke lesestrategiar målretta for å lære.
- Samtale om forskjellen mellom meiningar og fakta i tekstar.
- Skrive tekstar med funksjonell handskrift og med tastatur.
Lese og lytte til faktabøker og andre tekstar.
- Beskrive, fortelje og argumentere munnleg og skriftleg, og bruke språket.

Samfunnsfag etter 4. trinn

- Utforske og presentere samfunnsfaglege spørsmål, søkje etter informasjon i ulike kjelder og vurdere kor nyttig informasjonen er til å klargjere spørsmåla.
- Presentere menneskerettar og reflektere over kvifor desse rettane finst.
- Utforske og gi døme på nokre sider ved berekraftig utvikling.

Matematikk etter 4. trinn

- Bruke ulike måleiningar for lengd i praktiske situasjonar, og grunngi valet av desse måleiningane.
- Utforske og bruke måling i praktiske situasjonar.
- Modellere situasjonar frå sin eigen kvardag, og forklare tenkjemåtane sine.



Kompetansemål frå læreplanen

Naturfag etter 7. trinn

- Stille spørsmål og lage hypotesar om naturfaglege fenomen, identifisere variablar og samle data for å finne svar.
- Skilje mellom observasjonar og slutningar, organisere data, bruke årsak-verknad-argument, trekkje slutningar, vurdere feilkjelder og presentere funn.
- Reflektere over korleis teknologi kan løyse utfordringar, skape moglegheiter og føre til nye dilemma.
- Utforske elektriske krefter gjennom forsøk og samtale om korleis vi utnyttar elektrisk energi i dagleglivet.
- Gjere greie for føresetnader for liv på jorda.

Norsk etter 7. trinn

- Lese fagtekstar, orientere seg i faglege kjelder digitalt, vurdere kor pålitelege kjeldene er, og vise til kjelder i eigne tekstar.
- Bruke lesestrategiar tilpassa formålet med lesinga.
- Skrive tekstar med funksjonell handskrift og med flyt på tastatur.
- Lytte til og vidareutvikle innspel frå andre, og grunngi eigne standpunkt i samtalar.
- Presentere faglege emne munnleg med og utan digitale ressursar.

Samfunnsfag etter 7. trinn

- Presentere ei aktuell nyheitssak og reflektere over forskjellar mellom fakta, meiningar og kommersiell budskap i mediebilde.
- Samanlikne korleis ulike kjelder kan gi ulik informasjon om same tema, og reflektere over korleis kjelder kan brukast til å påverke og fremje bestemde syn.
- Utforske korleis menneske i fortida livnærte seg, og samtale om korleis sentrale endringar i livsgrunnlag og teknologi har påverka oss og påverkar demografi, levekår og #busettingsmønster.
- Beskrive geografiske hovudtrekk i ulike delar av verda, og reflektere over korleis desse hovudtrekka påverkar menneska som bur der.
- Reflektere over kvifor konflikhtar oppstår, og drøfte korleis den enkelte og samfunnet kan handtere konflikhtar.

Matematikk etter 7. trinn

- Utforske, namngi og plassere desimaltal på tallinja.
- Bruke variablar og formlar til å uttrykkje samanhengar i praktiske situasjonar.
- Logge, sortere, presentere og lese data i tabellar og diagram, og grunngi valet av framstillingane.